



Ulukka fann stad like aust for busshaldeplassen ved Korsnes. Ulukkesbilen i forgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den 87 år gamle Gustav Bergstø frå Uskedalen vart påkøyrd ved seks-tida måndag morgon i riksvegen ved Korsnes. og konstatert død då ambulansefolka kom til staden.

Ulukka fann stad like ovanfor busshaldeplassen, der det er sykkel- og gangfelt. Bilføraren som var involvert i ulukka er også frå Kvinnherad. Han har fått førarkortet beslaglagt til nærmare omstende er klarlagt.

Politioverbetjent Sigurd Børve opplyser til uskedalen.no at Bergstø truleg befann seg i køyrebana då ulukka skjedde, men kva som har skjedd vil bli meir klarlagt gjennom etterforskninga som er igang.



Gustav Bergstø i heimen på Korsnes i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bilen kom frå Uskedalen sentrum og sjåføren melde sjølv frå om ulukka. Den vart meldt til politiets operasjonssentral klokka 6.22. Politi, ambulanse og luftambulans rykte raskt ut, men legen i luftambulansen kunne etter kort tid fastslå at Bergstø var død. Vegvesenet sin ulukkeskomisjon var på staden måndag føremiddag saman med politiet.

Originalen, fargeklatten og oppfinnaren Bergstø var ein kjent og akta mann i Kvinnherad og Uskedalen. Han var ein kreativ føregangsmann på mange område og ein særprega kar som mange sette pris på. Sjølv i sin høge alder var han i gang med stadig nye prosjekt.

Tidlegare i livet var han mellom anna innom fiskeoppdrett, der han var ein pioner på landsbasis. Han var også ein pioner i bygging av aluminiumsbåtar - først heime i kjellaren i Uskedalen.

Andre stikkord for prosjekt han har ivra for i nyare tid er matsending til Russland, rasteplass ved Furebergfossen, fiskekulp ved Rosendalstunet og campingflåte.

Meldinga om hans tragiske bortgang blir motteke med sjokk og sorg i kommunen og heimbygda.

Av Ola Matti Mathisen



Fotgjengaren vart erklært død då ambulansfolka kom. (Foto: Geir Remme, innsida.no)